

Dette gjeld og bustadhuset på gnr.181 bnr.11.
Det er difor svært vanskeleg for meg å dokumentera historia til dette huset, anna enn det som er nemnt i min klage av 18.01.2016 og Lindås kommune sine registreringar i samband med etablering av Storavatnet vassverk.

Eg ber om at fylkesmannen tek dette dokumentet med i klagehandsaminga sjølv om det er kome inn etter klagefristen.

Med helsing

Olav Thorsheim

Olav Thorsheim

1 vedlegg

LINDÅS KOMMUNE	
Mottatt	
02. 03. 2016	
Art. nr. 15/1426	
Beskriv.	

Olav Thorsheim
Vassbygdvegen 484.
5912 SEIM

29.02.2016

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen.

Klage på avslag om retting av matrikelopplysningar gnr.181 bnr. 11
Kalvetreet av Torsheim.
Tilleggsopplysningar

Viser til søknad til Lindås kommune av 28.09.15 vedkomande omkoding i matrikkelen av bustadhus på eigedomen gnr.181 bnr.11 Kalvetreet av Torsheim og klage på vedtaket datert 18.01.2016.

Ved gjennomgang av ein del gamle papir heime kom eg over dette dokumentet frå Lindås kommune om registrering av eksisterande avlaupssystem for søre delen av Storavatnet.

Dokumentet heiter : RAPORT FRÅ SYN FARING/MÅLINGAR AV EKSISTERANDE AVAUPSSYSTEM FRÅ BUSETNADEN I NEDSLAGSFELTET FOR SØRE DELEN AV STORAVATNET .

Rapporten frå Lindås kommune er datert 28.01.1980.

I denne rapporten er huset på gnr.181 bnr.11 registreret som: **bustadhus, brukt som hytte.** Denne registreringa kan ha danna grunnlaget for registreringa i matrikkelen.

Grunneigar den gang var mor mi Ingeborg Thorsheim som sat i uskifta bu etter far min Oscar Thorsheim.

Som eg skreiv i klagen min 18.01.2016 vart parsellen frådelt bnr 1 i 1965 men vart aldri overdrege til onkelen min Johannes O. Thorsheim som budde i huset og som var den reelle eigaren av huset og parsellen. Han flytta sidan til Bergen og huset stod tomt i 1980. Johannes O. Thorsheim hadde ingen direkte arvingar etter seg. Han døydde i 1981. Då kommunen sine registreringar vart gjort i 1980, var far min død og mor mi sat i uskifta bu etter han. Eg overtok garden og hovedbruket i 1981 men først i 1989 fekk eg heimel til bnr.11, då overdrege frå mor mi.

I bilag til rapporten kjem det og fram at det berre er eit fåtal av bygningane som er godkjende og handsama etter bygningslova (11) av dei 86 bygningane som vart registrerte i nedslagsfeltet.

Bygningslova vart innført i Lindås kommune frå 1965.

Dette viser at det er eldre busetnad i området.

Olav Thorsheim

Vassbygdvegen 484

5912 SEIM

28.02.2016

Lindås kommune

Geodataavdelinga

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

Dykkar ref: 15/1426 – 16/158

Klage på avslag om retting av matrikelopplysningar gnr.181 bnr.11 Thorsheim

Tilleggsopplysningar

Vedlagt følger RAPPORT FRÅ SYNFARING/MÅLINGAR AV EKSISTERANDE AVLAUPSYSTEM FRÅ BUSETNADEN I NEDSLAGSFELTET FOR SØRE DELEN AV STORAVATNET datert 28.01.80 som og gjeld gnr.181 bnr. 11 Thorsheim, for vidareending til fylkesmannen i Hordaland for handsaming.

Denne registreringa viser at Lindås kommune då registrerte huset på eigedomen som: bustadhus, brukt som hytte.

Eigar ved registreringa var mor mi Ingeborg Thorsheim som sat i uskifta bu etter far min Oscar Thorsheim.

Eg ber om at dette dokumentet vert vedlagt tidlegare innsendt klage og oversendt fylkesmannen i Hordaland

Helsing


Olav Thorsheim

Vedlegg: Klage med 1 vedlegg